



DEN NORSKE KYRKJA



Endeleg min tur til å vere
KONFIRMAN†

Kjære konfirmand og føresette, konfirmandåret 2025 -26

Velkommen som konfirmand i Os kyrkjelyd!

Vi gler oss til eit nytt år, med kjekke aktivitetar og opplevingar saman med dykk!

Først som sist: Vi har hatt stor auke i påmelding til konfirmasjon, i høve til storleiken på dette kullet. Det førte til at vi måtte opprette fleire KRIK-grupper for å imøtekommne mengda med konfirmandar. Vi håpar de kan vera rause med oss når vi no prøver å lande fordelinga i desse gruppene dei neste vekene. Vi er opptatt av at konfirmantane skal kjenne seg trygge og få mogelegheit til å vera saman med nokon dei kjenner, så ta kontakt om fordelinga no gjer dette utfordrande.

Konfirmantteamet

Konfirmantteamet består av Gro Helen B. Skjælaaen (kateket), Roar H. Evjedal (sokneprest) Jostein Enger (kapellan), Sylvi Lundgren (barne- og familiekoordinator), Harald Skoglund Dahler (Ungdomsleiar) og Ingrid Vik (diakon), samt andre ungdommar som blir med som leiarar på ulike arrangement.

Foreldremøte onsdag 27.august

Vi startar med foreldremøte for alle foreldre, men konfirmantane er hjarteleg velkomne. Her vil de få informasjon om innhald i, og organisering av i konfirmantåret. Vi snakkar om leir, gudstenester og samarbeid med heimen.

Onsdag 27.august samlar vi alle – til ulike tidspunkt. Oppmøte i Storsalen/TUNET på Os.

Vi har fordelt gruppene slik på dei ulike tidspunkta:

Kl 17 – 18: KRIK inne 1 + 2, Ut og sånn 1 + 2

Kl 18.30 - 19.30: KRIK inne 3 + 4, KRIK ute 1 + 2

Kl 20 – 21: JoinUs, DELTA, Rom for deg, Inn i bibelen (pizza og bibel).

(På dette siste møte vil det vera først ein generell del, og så deler vi oss i gruppene for meir spesifikk informasjon om opplegg.)

Her er hoveddelane konfirmantåret består av:

1. AVSPARK
2. Presentasjonsgudsteneste
3. 6 samlinger
4. 8 gudstenester
5. Lysmesse
6. Fasteaksjon
7. Leir
8. Avslutning
9. Førebuing og konfirmasjonsgudsteneste

1. “Avspark”. Oppstartsarrangement for konfirmantane

Laurdag 6.september har vi oppstart for alle konfirmantane, med samling lørdag og gudsteneste søndag. Her får konfirmantane bli litt kjende med oss, med kvarandre og gruppa si, ungdomsleiarane, Tunet og opplegget. Sidan vi er mange, fordeler vi heile konfirmantkullet på to bolker slik:

Kl 10 – 12: KRIK inne 1, KRIK ute 1, KRIK inne 3, Ut og sånn 1, DELTA, Pizza&bibel

Kl 13 – 15: KRIK inne 2, KRIK ute 2, KRIK inne 4, Ut og sånn 2, JoinUs

Søndag 7.september er det AVSPARK- gudsteneste, i Os kyrkje kl 11 – 12

Dette er ei av dei obligatorisk gudsteneste som allereie er ein del av konfirmantopplegget denne hausten, saman med opplegget på laurdagen.

2. Presentasjonsgudsteneste

Alle konfirmantane skal presenterast for kyrkjelyden ved ei gudsteneste i ei av våre kyrkjer/lokale kyrkjehus. Føresette og anna familie er hjarteleg velkomne med på denne gudstenesta. Konfirmanten får og utdelt bibelen sin på denne gudstenesta.

Vi fordeler konfirmantane på presentasjonsgudstenstene slik:

Presentasjonsgudstenester	Grupper
Søndag 14.sept, Os kyrkje kl 11.00	KRIK inne 3 + 4
Søndag 14.september, Søfteland bedehus, kl 17.00	Konfirmanter med adresse på Søfteland
Søndag 21.sept, Nore Neset kyrkje, kl 19.00 (!)	KRIK inne 1 + 2, DELTA
Søndag 5.okt, Os kyrkje kl 11.00	JoinUs, UT og sånn 1 + 2.
Søndag 26.okt, Nore Neset kyrkje kl 11.00	KRIK ute 1 + 2, Pizza og bibel, Rom for deg

Obs: Konfirmantar med adresse Søfteland har si presentasjonsgudsteneste i Søfteland bedehus; altså søndag 14.sept, kl 17.00

3. Samlinger - aktivitetsgrupper

Alle konfirmantene skal tilhøyre ei mindre aktivitetsgruppe. Her blir vi godt kjende og har fokus på relasjonsbygging.

KRIK - og Ut og sånn - aktivitetsgruppene har oppmøte desse datoane:

Runde 1: KRIK inne 1, KRIK ute 1, KRIK inne 3, Ut og sånn 1

Datoer haust: 10.sept, 1.okt, 29.okt, 10.des (Lysmesse)

Datoer vår: 14.jan, 4.febr, 4.mars, 22.mars (Fasteaksjon), 22.april (avslutning)

Runde 2: KRIK inne 2, KRIK ute 2, KRIK inne 4, UT og sånn 2

Datoer haust: 17.sept, 15.okt, 12.nov, 10.des (Lysmesse)

Datoer vår: 21.jan, 18.febr, 18.mars, 22.mars (Fasteaksjon), 22.april (avslutning)

Tidsskjema for samlingane:

Kl 14.30 : Dørene åpner til Eldstova

Kl 14.45- 15.20: Mat i Eldstova (frivillig, men med påmelding)

Kl 15.30: Konfirmantsamlinga starter (Storsalen)

Kl 15.45: Gruppeaktivitet

Kl 17.00 - 18.00: Samling i kyrkja. Avslutning.

JoinUs vil få eigen plan på oppmøte og innhold av ungdomsleiar Harald; oppmøte i Tunet kvar onsdag kl 18 – 21.

Det same gjeld **DELTA** og **Pizza&bibel**, som får eigen plan for sine opplegg.

4. Gudstenester

Konfirmanten skal gå på 8 gudstenester i løpet av året.

Av desse 8 er 4 av dei allereie planlagt av oss, og ligg i kalenderen for konfirmanten.

Desse 4 er: **AVSPARK-gudstenesta, presentasjonsgudstenesta, lysmesse i desember og fasteaksjonsgudsteneste 22.mars.**

Dei resterande 4 gudstenestene vel dei sjølv dato for deltaking på. For å loggføre desse 4 gudstenestene vil dei få eit gudstenestehefte, som dei tek med seg på gudstenesten.

Dersom konfirmanten ikkje kan komme på ei av dei programfesta samlingane med gudstenester, tek dei ei ekstra av dei valbare gudstenestene i staden; altså loggføre 5 gudstenester. Vi vil setje opp ungdomsgudstenester i løpet av året, som alternativ for konfirmantane.

5. Lysmesse

Dette er ei gudsteneste i mørketida, med fokus på lyset. Vi samarbeider med ungdomsarbeidet og håpar at det blir ei fin avslutning på hausthalvåret. Denne er ei av dei kalenderfesta gudstenestene. Meir info om denne kjem når det nærmar seg.

6. Fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars er vårens store prosjekt for konfirmantane.

Søndag 22.mars er aksjonsdagen, og blir ein viktig dag med konfirmantaktiviteter og innsamlingsaksjon. Sett av dato! De vil få meir informasjon om denne dagen etterkvart.

7. Leir

Leir er veldig kjekt, både for konfirmantane og oss. Dette ser vi fram til, og ønskjer at konfirmantane skal få oppleve dette. I år tek vi med alle konfirmanter på leir på Raknestunet, til ulike tidspunkt for dei ulike gruppene.

I førekant av leiren blir **konfirmantane** kalla inn til eit infomøte, der vi informerer om leiren, innhald, rammer og regler. Foreldre får den same informasjonen på epost.

7.- 9.november; Raknestunet

Alle aktivitetsgrupper 1 + KRIK inne 3 + DELTA

23. – 25.januar; Raknestunet

Alle aktivitetsgrupper 2 + KRIK inne 4

20. – 22.mars; Raknestunet

JoinUs (m alle konfirmanter) + Pizza&bibel-konfirmantane

Foreldre hjelpe – vaksenstøtte ved aktiviteter og samlingar

Vi er svært takknemlege for alle føresette som har meldt seg til å hjelpe til på onsdagar. Oversikt over kven som er sett opp på kva onsdag kjem på epost i løpet av august. Elles tar vi kontakt når det er behov for bakst eller andre foreldrebidrag undervegs. Ved presentasjonsgudstenestene er det kjekt å ha litt kaffemat til kyrkjekaffen, så då får de spørsmål om nokon kan ta med seg noko til det.

Forventningsavtalen

Dette er rammen for året og samarbeidsavtalen mellom oss, de som foreldre og konfirmanten. Denne vil vi at alle skal lese seg gjennom, sammen med konfirmanten. Og i førekant av leir, skal denne underteiknast av konfirmant og føresette og leverast før avreise. Vi kjem tilbake til denne før vi reiser på leir. Slik ser den ut:



Forventningsavtale for konfirmasjonsopplæringa 2025-26

mellan Os kyrkjelyd og

Os kyrkjelyd, ved prestar, kateket og andre konfirmantleiarar skal gjere sitt beste for å gje deg eit så godt opplegg som mogeleg og leggja til rette for at konfirmasjonstida skal bli ei god oppleveling.

Konfirmasjonstida innehold blant anna:

- AVSPARK (oppstart) lørdag 6.sept og søndag 7.sept (gudst)
- Konfirmantsamlinger, frå september til april. Ulike løsninger for dei ulike gruppene.
- 8 obligatoriske gudstenester. Nokre av dei ligg allereie i opplegget, og dei resterande kan dei velje tid og stad.
- Leir
- Lysmesse 10.des.
- Fasteaksjon 22.mars

Prest, kateket, konfirmantleiar – tar ansvar for

- At du vert møtt med respekt
- At undervisning og aktivitetar er godt førebudde samvær
- Å følgje opp fråvær og adferd gjennom dialog med foreldre/føresette dersom konfirmanten gjentekne gonger ikkje følgjer opplegget og reglane.

Foreldre/føresette - tar ansvar for

- Å hjelpe til at konfirmanten oppfyller sitt ansvar
- Delta på oppsette foreldresamlingar (foreldremøter haust og vår, Fasteaksjon og liknande)
- Melde frå til gr.leiar ved fråvær for konfirmanten.

Konfirmanten tar ansvar for

- Å vise respekt for dei andre konfirmantane, konfirmantleiarane og andre eg møter
- Å ha med Bibel og skrivesaker til samværa
- Å følgje opplegget og møte presis til samlingane
- Å legge mobilen og øyrepluggar vekk på alle samlingar og gudstenester

Turer/utflukter og leirer:

Bruk eller besittelse av alkohol eller andre rusmidler, samt mobbing, trusler eller vold mot andre konfirmantar eller leiarar medfører umiddelbar heimsending på eiga rekning.
Foreldre/føresette vert kontakta.

Underskrift konfirmant

Underskrift forelder

Pris og betaling

Alle konfirmantar betaler 2000,- for konfirmantåret (*bibel, undervisningsmateriell, leige av kapper, utgifter ved arrangement, leir + anna utstyr*). Det blir sendt ut epost med lenke til betaling av konfirmantåret.

Kommunikasjonsflyt

Vi bruker epost til dykk foreldre, og sms til konfirmanten.

I tillegg vil alle infoskriv som blir sendt ut, lagt på nettsida vår.

Du finn dei ved å skanne qr-koden her:



Vi gler oss til å bli kjende med alle konfirmantane og vonleg både få og gje dei eit minnerikt år!

Hjarteleg helsing

Gro Helen B. Skjælaaen

Epost: os.konfirmant@kyrkja.no

Kateket

Tlf: 41278575

Velsignelsen

Herren velsigne deg og bevare deg.

Herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig

Herren løfte sitt åsyn på deg
og gi deg fred

Han skal gi deg kraft til å leve
gi håp og framtidstro

Han har sagt

«Kom til meg, du som strever
og jeg vil gi deg ro»

Han skal bevare deg fra alt ondt,
gi deg styrke når du er svak

Tross ditt svik, dine nederlag
er hans nåde ny hver dag, ny hver dag

Herren velsigne deg og bevare deg.

Herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig

Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred